



Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane
forvaltning

4747 VALLE

Vår ref.:

2017/536-6

Sakshandsamar:

Sigrid Bjørgum
sigrid.bjorgum@bykle.kommune.no

Dato

24.10.2018

Melding om vedtak

Besøkstrategi for SVR, 2019-2025 Høyring

Bykle kommune tek stort ansvar i høve til villrein med omsyn til arealbruk, i og med at omsynssoner, som er svært omfattande i Bykle, vert tatt inn i kommuneplanen. Også den særeigne tamreinshistoria til Bykle blir tatt vare på og vidateformidla gjennom arrangement og bokutgjevingar. Slik sett må det ikkje gløymast det engasjement som alt fins i høve til både villrein og tamrein.

Handsaming:

Saka vart drøfta

Ragnhild Bjåen sa seg ugild i saka då delar av tiltaka som er skissert berører henne som gruneigar.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Bykle kommune meiner at høyringsutkastet til Besøksstrategi for SVR i for liten grad fokuserer på det formidlingspotensiale som er knytt til Hovden og Bykle kommune. I høve til turistmengde, og kor stort areal som er verna i kommunen, er Bykle kommune tildelt svært få prosjekt/tiltak.

Ei prioritering av formidling rundt Hovden, som den viktigaste innfallsporten, vil kunne skape interesse og forståing for vern i område som er svært viktige i høve til kalving, trekkvegar og ferdsel.

Bykle kommune er positive til at det vert bygd ut innfallspørt med portal og sti opp til Hovdenuten. Dette bør ikkje utsettast til 2023. Bykle kommune er alt i gang med å sjå på steinlegging av delar av denne stien og planlegging av informasjonstiltak. Vi foreslår at dette tiltaket vert løfta fram til 2019 i handlingsplanen og ventar ekstern finansiering via SVR.

Det har i prosessen vore tala om både informasjon og tilrettelegging av sti til slåttemyr på Vidmyr og parkering og opprusting av vegen til Galten. Dette bør arbeidast med og gå inn i endeleg dokument.

Når det gjeld tilrådingane som er lista opp under kapittel 4.4. «Føringar for styring og kanalisering av ferdsel i verneområda i SVR», er dette saker som også vert handsama i andre forum.

Bykle kommune har ingen stor interesse av at Storsteinhytta blir flytta lenger vest, og turiststien lagt om. Det er usikkert om trekkruta vert meir brukt etter så lang tid. Tilhøvet er avklåra gjennom dok.8 forslag på Stortinget, og vil venteleg krevje nytt vedtak før ei eventuell omlegging.

Når det gjeld vegen til Store Urevatn er det politisk bestemt at vegen skal vere open for allmenn ferdsel. Dette er og nedfelt i konsesjonsvilkåra knytt til vassdragsreguleringa. Etter at ein no har fått tal på trafikken i området, vil Bykle kommune vurdere om det er muleg å lage ordningar med eit bomregime som ikkje hindrar tilgangen til Bykle Statsallmenning for dei fastbuande. Prosess med ei slik eventuell omlegging må involvere NVE, kommunen, grunneigarar, konsesjonær og andre.

Saksprotokoll i Planutval - 15.10.2018

Handsaming:

Saka vart drøfta

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Bykle kommune meiner at høringsutkastet til Besøksstrategi for SVR i for liten grad fokuserer på det formidlingspotensiale som er knytt til Hovden og Bykle kommune. I høve til turistmengde, og kor stort areal som er verna i kommunen, er Bykle kommune tildelt svært få prosjekt/tiltak.

Ei prioritering av formidling rundt Hovden, som den viktigaste innfallsporten, vil kunne skape interesse og forståing for vern i område som er svært viktige i høve til kalving, trekkvegar og ferdsel.

Bykle kommune er positive til at det vert bygd ut innfallspørt med portal og sti opp til Hovdenuten. Dette bør ikkje utsettast til 2023. Bykle kommune er alt i gang med å sjå på steinlegging av delar av denne stien og planlegging av informasjonstiltak. Vi foreslår at dette tiltaket vert løfta fram til 2019 i handlingsplanen og ventar ekstern finansiering via SVR.

Det har i prosessen vore tala om både informasjon og tilrettelegging av sti til slåttemyr på Vidmyr og parkering og opprusting av vegen til Galten. Dette bør arbeidast med og gå inn i endeleg dokument.

Når det gjeld tilrådingane som er lista opp under kapittel 4.4. «Føringar for styring og kanalisering av ferdsel i verneområda i SVR», er dette saker som også vert handsama i andre forum.

Bykle kommune har ingen stor interesse av at Storsteinhytta blir flytta lenger vest, og turiststien lagt om. Det er usikkert om trekkruta vert meir brukt etter så lang tid. Tilhøvet er avklåra gjennom dok.8 forslag på Stortinget, og vil venteleg krevje nytt vedtak før ei eventuell omlegging.

Når det gjeld vegen til Store Urevatn er det politisk bestemt at vegen skal vere open for allmenn ferdsel. Dette er og nedfelt i konsesjonsvilkåra knytt til vassdragsreguleringa. Etter at ein no har fått tal på trafikken i området, vil Bykle kommune vurdere om det er muleg å lage ordningar med eit bomregime som ikkje hindrar tilgangen til Bykle Statsallmenning for dei fastbuande. Prosess med ei slik eventuell omlegging må involvere NVE, kommunen, grunneigarar, konsesjonær og andre.

Med helsing
Bykle kommune

Sigrid Bjørgum
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.



Saksmappe: 2017/536
Sakshandsamar: SBJ
Dato: 11.09.2018

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
99/18	Planutval	15.10.2018
96/18	Kommunestyre	22.10.2018

Besøksstrategi for SVR 2019-2025-Høyring

Saksprotokoll i Kommunestyre - 22.10.2018

Handsaming:

Saka vart drøfta

Ragnhild Bjåen sa seg ugild i saka då delar av tiltaka som er skissert berører henne som gruneigar.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Bykle kommune meiner at høyringsutkastet til Besøksstrategi for SVR i for liten grad fokuserer på det formidlingspotensiale som er knytt til Hovden og Bykle kommune. I høve til turistmengde, og kor stort areal som er verna i kommunen, er Bykle kommune tildelt svært få prosjekt/tiltak.

Ei prioritering av formidling rundt Hovden, som den viktigaste innfallsporten, vil kunne skape interesse og forståing for vern i område som er svært viktige i høve til kalving, trekkvegar og ferdsel.

Bykle kommune er positive til at det vert bygd ut innfallsport med portal og sti opp til Hovdenuten. Dette bør ikkje utsettast til 2023. Bykle kommune er alt i gang med å sjå på steinlegging av delar av denne stien og planlegging av informasjonstiltak. Vi foreslår at dette tiltaket vert løfta fram til 2019 i handlingsplanen og venter eksternt finansiering via SVR.

Det har i prosessen vore tala om både informasjon og tilrettelegging av sti til slåttemyr på Vidmyr og parkering og opprusting av vegen til Galten. Dette bør arbeidast med og gå inn i endeleg dokument.

Når det gjeld tilrådingane som er lista opp under kapittel 4.4. «Føringar for styring og kanalisering av ferdsel i verneområda i SVR», er dette saker som også vert handsama i andre forum.

Bykle kommune har ingen stor interesse av at Storsteinhytta blir flytta lenger vest, og turiststien lagt om. Det er usikkert om trekkruta vert meir brukt etter så lang tid. Tilhøvet er avklåra gjennom dok.8 forslag på Stortinget, og vil venteleg krevje nytt vedtak før ei eventuell omlegging.

Når det gjeld vegen til Store Urevatn er det politisk bestemt at vegen skal vere open for allmenn ferdsel. Dette er og nedfelt i konsesjonsvilkåra knytt til vassdragsreguleringa. Etter at ein no har fått tal på trafikken i området, vil Bykle kommune vurdere om det er muleg å lage ordningar med eit bomregime som ikkje hindrar tilgangen til Bykle Statsallmenning for dei fastbuande. Prosess med ei slik eventuell omlegging må involvere NVE, kommunen, grunneigarar, konsesjonær og andre.

Saksprotokoll i Planutval - 15.10.2018

Handsaming:

Saka vart drøfta

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Bykle kommune meiner at høyringsutkastet til Besøksstrategi for SVR i for liten grad fokuserer på det formidlingspotensiale som er knytt til Hovden og Bykle kommune. I høve til turistmengde, og kor stort areal som er verna i kommunen, er Bykle kommune tildelt svært få prosjekt/tiltak.

Ei prioritering av formidling rundt Hovden, som den viktigaste innfallsporten, vil kunne skape interesse og forståing for vern i område som er svært viktige i høve til kalving, trekkvegar og ferdsel.

Bykle kommune er positive til at det vert bygd ut innfallspørt med portal og sti opp til Hovdenuten. Dette bør ikkje utsettast til 2023. Bykle kommune er alt i gang med å sjå på steinlegging av delar av denne stien og planlegging av informasjonstiltak. Vi foreslår at dette tiltaket vert løfta fram til 2019 i handlingsplanen og venter ekstern finansiering via SVR.

Det har i prosessen vore tala om både informasjon og tilrettelegging av sti til slåttemyr på Vidmyr og parkering og opprusting av vegen til Galten. Dette bør arbeidast med og gå inn i endeleg dokument.

Når det gjeld tilrådingane som er lista opp under kapittel 4.4. «Føringar for styring og kanalisering av ferdsel i verneområda i SVR», er dette saker som også vert handsama i andre forum.

Bykle kommune har ingen stor interesse av at Storsteinhytta blir flytta lenger vest, og turiststien lagt om. Det er usikkert om trekkruta vert meir brukt etter så lang tid. Tilhøvet er avklåra gjennom dok.8 forslag på Stortinget, og vil venteleg krevje nytt vedtak før ei eventuell omlegging.

Når det gjeld vegen til Store Urevatn er det politisk bestemt at vegen skal vere open for allmenn ferdsel. Dette er og nedfelt i konsesjonsvilkåra knytt til vassdragsreguleringa. Etter at ein no har fått tal på trafikken i området, vil Bykle kommune vurdere om det er muleg å lage ordningar med eit bomregime som ikkje hindrar tilgangen til Bykle Statsallmenning for dei fastbuande. Prosess med ei slik eventuell omlegging må involvere NVE, kommunen, grunneigarar, konsesjonær og andre.

Rådmannen si tilråding:

Bykle kommune meiner at høyringsutkastet til Besøksstrategi for SVR i for liten grad fokuserer på det formidlingspotensiale som er knytt til Hovden og Bykle kommune. I høve til turistmengde, og kor stort areal som er verna i kommunen, er Bykle kommune tildelt svært få prosjekt/tiltak.

Ei prioritering av formidling rundt Hovden, som den viktigaste innfallsporten, vil kunne skape interesse og forståing for vern i område som er svært viktige i høve til kalving, trekkveggar og ferdsel.

Bykle kommune er positive til at det vert bygd ut innfallsport med portal og sti opp til Hovdenuten. Dette bør ikkje utsettast til 2023. Bykle kommune er alt i gang med å sjå på steinlegging av delar av denne stien og planlegging av informasjonstiltak. Vi foreslår at dette tiltaket vert løfta fram til 2019 i handlingsplanen og venter ekstern finansiering via SVR.

Det har i prosessen vore tala om både informasjon og tilrettelegging av sti til slåttemyr på Vidmyr og parkering og opprusting av vegen til Galten. Dette bør arbeidast med og gå inn i endeleg dokument.

Når det gjeld tilrådingane som er lista opp under kapittel 4.4. «Føringar for styring og kanalisering av ferdsel i verneområda i SVR», er dette saker som også vert handsama i andre forum.

Bykle kommune har ingen stor interesse av at Storsteinhytta blir flytta lenger vest, og turiststien lagt om. Det er usikkert om trekkruta vert meir brukt etter så lang tid. Tilhøvet er avklåra gjennom dok.8 forslag på Stortinget, og vil venteleg krevje nytt vedtak før ei eventuell omlegging.

Når det gjeld vegen til Store Urevatn er det politisk bestemt at vegen skal vere open for allmenn ferdsel. Dette er og nedfelt i konsesjonsvilkåra knytt til vassdragsreguleringa. Etter at ein no har fått tal på trafikken i området, vil Bykle kommune vurdere om det er muleg å lage ordningar med eit bomregime som ikkje hindrar tilgangen til Bykle Statsallmenning for dei fastbuande. Prosess med ei slik eventuell omlegging må involvere NVE, kommunen, grunneigarar, konsesjonær og andre.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon

Konkrete forslag i besøksstrategien når det gjeld Bykle kommune er:

- Hovden som ein stor innfallsport til verneområda bør ha ein tilrettelagt sti på Hovdenuten, såkalla «car-walk», samt ei utbygging av innfallsport i perioden 2023-2025.

For å styre ferdsel er det framlegg om:

- Å arbeide for nedlegging av Storsteinen turisthytte med tilhøyrande løypenett og flytte dette til vestsida av Blåsjø.
- Å ha ein nærare dialog om tidspunkt for kvisting og køyring av Sloaros løypa.
- Å stenge Urevassvegen for allmenn ferdsel, men ha eit opplegg med bom for regulant og rettighetshavarar

Bakgrunn for saka

Det har vore tale om ein besøksstrategi i SVR i lengre tid. Målet er mellom anna å kanalisere ferdsel til område som ikkje er sårbare i høve villrein, men samtidig vise fram verneområdet på ein positiv måte.

Denne er no ute på høyring med frist 15.oktober.

Formelt grunnlag

Vernevedtaket, Verneforskriftene, Naturmangfaldslova og Forvaltingsplanen.

Vurderingar og konsekvensar

I vedteken prosjektplan har verneområdestyret desse målsettingane med besøkstrategien:

- Legge til rette for å gi vitjande ei betre oppleving
- Bidra til å ta vare på naturverdiane
- Gi barn og unge gode opplevingar i heieområdet og auka forståing for vernet
- Bidra til auka verdiskaping i lokalsamfunna kring verneområdet

Det er fleire utfordringar knytt til ferdsel i Bykle kommune.

Steinbuskardet

I området rundt Steinbuskardet lengst vest i Bykle ligg Storsteinhytta med tilhøyrande løypenett. Etter oppdemminga av Blåsjø og bygging av Storevassdammen vart det ein trong passasje på autsida av demningen. Bykle kommunestyre meinte alt då i 1976 at turiststien ikkje burde leggest i denne passasjen på grunn av villreintrekket. Miljøverndepartementet vedtok likevel at den skulle gå der, og no ser ein resultatet. Villreinstamma er så godt som delt i to, nord og sør for Steinbuskardet. Om dette

skuldast oppdemminga eller turiststien er vanskeleg å seie. Derfor er det ikkje gitt at ei flytting av turiststien vil ha positiv effekt på trekkaktiviteten. Det kan hende ein får eit betre avgjerdsgrunnlag etter Ren Rein prosjektet, der ein skal simulere effektar av å iverksette tiltak.

Vegen til Store Urevatn

Det er ei kjent sak at grunneigarane ynskjer denne vegen stengt, samt at dette har vore tilrådd som eit tiltak i mellom anna det siste GPS merke prosjektet.

På den andre sida har det vore politisk uttalt at denne skal vere open for allmenn ferdsel, og vere eit gode for bygda.

Bykle Statsalmenning ligg i dette området, og mange brukar tilboda om jakt og fiske gjennom Bykle Fjellstyre. Kommunen har også ein avtale med Otra Kraft om å dele på vedlikehaldskostnaden på vegen.

Tida er kanskje inne for å tenke på å avgrense ferdsel til dei som har reelle ærend i heia, og ikkje ha den open for dei som bruker det berre som rekreasjon. Det er mange løysingar med bom der du kan bruke telefon/brikke for å kome gjennom. (Avhengig av straum og mobildekning) Teljingar viser at det er mange som køyrer inn, i overkant av 3000 på ein sesong. Mange villreinforskarar meiner at trekket nord – sør har fleire flaskehalsar i dette området, mellom anna Uraråjuvet og Urevassvegen for i det heile å kome så langt sør som til Steinbuskardet. Fjerning av autovern på nokre viktige strekningar kan også hjelpe villreinen å krysse vegen. NVE er mynde på denne vegen og vil høyre på kommunen i denne saka.

Hovden området

Det er stor etterspurnad etter preparerte skiløyper og det er i periodar stor utfart i løypene. Bykle kommune var tidleg ute med sti- og løypeplan. Revisjon av denne fylgjer kommuneplanprosessen som no er på gang. Sloaros løypa kan køyrast etter søknad fram til 20. april/2.påskedag, og sist vinter vart oppkøyringa utsett lenger på grunn av observerte villrein i området. Dette regimet for oppkøyring vil halde fram.

Skjøtsel av Vidmyr har halde på nokre år, og kan vere eit mål for ein tur for å sjå på myrslått med tilhøyrande informasjon om den botaniske verdien i området.

Galten og vegen opp der er ikkje nemnd, sjølv om det er drøfta tidlegare. Her er det behov for å ruste opp vegen og parkeringsplassen med informasjon om villrein, jakt, verneformål og liknande.

Generelt / oppsummert:

Ein saknar meir fokus på gjestestrømmer og potensialet for målretta informasjon/kunnskapsformidling/haldningsskaping knytt til sentrale villreinområde / verneføremåla.

Etter turistmengde og villreinareal er det lite tiltak i Bykle kommune. Brorparten av tiltaka skal gjennomførast lenger sør. Ser ein på nærleik til villreinområde og storleik på reiselivsdestinasjon er dette svært merkeleg.

For Bykle kommune sin del er det ingen tiltak dei 3 neste åra, først i perioden 2023-2025 er det framlegg om å bygge ut innfallsport på Hovden med portal og startpunkt carwalk til Hovdenuten. Det er ikkje sett opp kostnader eller fordeling av kostnader.

Konsekvensar for folkehelse

Mykje bra.

Bykle, **17.09.18**

Rådmann

Vedlegg:

- 1 Besøksstrategi for SVR - Høyringsutkast
- 2 Besøksstrategi SVR - Høyringsbrev
- 3 Store Urevatn Totaltall
- 4 Store Urevatn

Melding om vedtak blir sendt til:

post@svr.no